

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

Natalia Golis (MDG) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er kjæraste med administrerande direktør i Stiftinga Akvariet i Bergen. Golis gjekk frå under vurderinga om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Golis var habil. Golis tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek eit treårig partnarskap med Bergen kommune om Havbyen Bergen som vist i saksframlegget
2. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal ha ein representant kvar i styret av Havbyen Bergen. Styret skal leiaast av fylkesordførar. Næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.
3. Fylkesdirektør vert gitt fullmakt til å bidra til å sluttføre prosess fram mot at samarbeidsavtalen om Havbyen Bergen vert vedtatt av dei respektive partane. Dette inkluderer fullmakt til å gjera mindre endringar og revisjonar av avtalen.
4. Fykeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 - 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.
5. Vestland fylkeskommune si finansiering føreset at andre partnarar bidreg finansielt i samsvar med sluttrapport frå forprosjekt.
6. Rapport for prosjektet vert lagt fram for fylkestinget årleg. Prosjektdeltaking vert evaluert haust 2022 med omsyn til om ein lukkast med å hente inn eksterne økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå næringsliv og organisasjonar.